



## FØLGJEKORT FOR FUNKSJONSHEMMA

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
05/0048	Kommunestyret	20.10.05

### Framlegg til vedtak:

*Kommunestyret aksepterer ordninga med følgjekort for funksjonshemma for Åseral kommune. Som konsekvens blir dette så gjeldande for alle arrangement i kommunal regi, samt eit vilkår for alle arrangørar etc. som mottar, eller søkjar om, kommunalt tilskot. Statens råd for funksjonshemma (SRFF) sine retningslinjer vert lagt til grunn for saksbehandling. Saksbehandlinga administrerast av avd. for helse, sosial og omsorg, som gjer vidare avtale med servicekontor. Kulturkonsulenten informerar aktuelle arrangørar etc.*

### Handsaming i Kommunestyret - 20.10.2005:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak i Kommunestyret - 20.10.2005:

*Kommunestyret aksepterer ordninga med følgjekort for funksjonshemma for Åseral kommune. Som konsekvens blir dette så gjeldande for alle arrangement i kommunal regi, samt eit vilkår for alle arrangørar etc. som mottar, eller søkjar om, kommunalt tilskot. Statens råd for funksjonshemma (SRFF) sine retningslinjer vert lagt til grunn for saksbehandling. Saksbehandlinga administrerast av avd. for helse, sosial og omsorg, som gjer vidare avtale med servicekontor. Kulturkonsulenten informerar aktuelle arrangørar etc.*

---

### Trykte vedlegg

- 1 Retningslinjer for følgjekort for funksjonshemma
- 2 Merknader til retningslinjer
- 3 Kopi av brosjyre (Statens råd for

Sign: \_\_\_\_\_

## Utrykte vedlegg

Ingen

## Bakgrunn

Ordninga med følgjekort er for funksjonshemma som har behov for følgje eller assistanse for å gå på t.d. kino, idrettsarrangement, teater, konsert, i symjehall, eller å reise kollektivt.

Det er den enkelte kommune som bestemmer om dei vil innføre ordninga, og det er kommunen som sendar ut kortet i den funksjonshemma søkerens namn. Korthaldaren vel sjølv følgje og kan ha ulike følgjarar. Regelen er at korthaldar betaler full pris der ordninga aksepters, mens følgje går gratis. Det er opp til den enkelte arrangør etc. om ein vil kombinere med andre rabattar.

I det kommunen vel å akseptere ordninga vert det òg eit vilkår for alle arrangement i kommunal regi, samt arrangørar etc. som mottar kommunale tilskot, å akseptere følgjekortordninga. Kommunen utstedar informasjon og skilt til disse, og private som ynskjer det.

I dag har ca. 300 kommunar ordninga med følgjekort og ca. 8000 personar har kortet. I Vest-Agder fylke har 9 av 15 kommunar akseptert ordninga, og via fylkeskommunen er t.d. busselskapa med på ordninga. Nasjonalt kommer t.d. NSB, riksinstitusjonane og arrangement i regi av Noregs Idrettsforbund inn under ordninga. **For meir informasjon sjå vedlagt brosjyre (vedlegg 3).**

## Vurdering

Åseral kommune er ein av dei 6 kommunane i fylket som ikkje har ordninga med følgjekort, og ein vert oppfordra frå sentralt hold om å godta ho. Ordninga inneber lite arbeid for kommunen, men ein må sørgje for at informasjonen om ho er god. Om ordninga akseptertast må det bli eit krav til alle arrangement i kommunal regi, samt til alle som mottar kommunalt tilskot i ein eller anna form, om å akseptere følgjekort.

I prinsippet inneber ordninga ikkje noko økonomisk tap for arrangørar, snarare tvert i mot, då dei nå kan få inntekt frå ein som ikkje normalt kunne kome i det heile tatt. Ved arrangement med plassavgrensingar (t.d. intimkonsertar) vil ordninga kunne føre til noko tap i inntekter. I slike tilfelle må arrangørar tilby eit visst tal plassar til funksjonshemma med følgje.

Sakshandsaminga bør vere enkel i ein liten kommune med god oversikt over moglege søkjarar. Søknadsskjema (sjå vedlegg 4) bør vere tilgjengeleg på servicekontor, og dei tilsette der bør òg kunne handsame saka, samt utstede kortet. Handsaminga tar utgangspunkt i SRF sine retningslinjer (sjå vedlegg 1 og 2), og i tvilstilfelle kan uttale hentes inn frå HSO-avdelinga eller legekantor. Ved utsteding vedleggast òg SRF sin brosjyre, samt ei liste over

Sign: \_\_\_\_\_

lokale aktører som aksepterer ordninga. Denne utarbeidast av kulturkonsulenten om ordninga vert vedtatt.

### **Konklusjon**

Sjå framlegg til vedtak.

### **Kopi til:**

Arkiv

Fylkesrådet for funksjonshemma i Vest- serviceboks 517, 4605 KRISTIANSAND S  
Agder

**Sign:**\_\_\_\_\_